



RadøyGruppen AS
Vetåsvegen 181
5938 SÆBØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1039 - 15/14031

Saksbehandlar:
Tonje Nepstad Epland
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:
24.11.2015

Plansak 12602015000200 - detaljregulering - Mangerøy industriområde - Kjebogen - melding om vedtak

Saka vart handsama av hovudutval for plan, landbruk og teknisk i møte den 04.11.2015, der følgjande vedtak vart fatta:

PLT - vedtak:

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk godkjenner detaljregulering for Mangerøy industriområde, Kjebogen, planID 12602015000200, med plankart, føresegner og planskildding for fyrste gongs høyring og offentleg ettersyn på følgjande vilkår:

- 1. I konsekvensutgreiinga må tilhøve for mjuke trafikantar til badeplassen og friluftsområde Trettholmen vurderast.*
- 2. Føresegnene må ferdigstillast og språkvaskast.*

Grunngjeving av vedtaket går fram av saksframstillinga.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova §12-10.

Møtebok med saksutgreiing og vedtak er vedlagt.

Planen er sendt til på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn med merknadsfrist 01.01.15.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Plansak 12602015000200 - detaljregulering Mangerøy industriområde - Kjebogen - handsaming for 1. gongs høyring og offentleg ettersyn

Kopi til:

Arkoconsult

Mottakarar:

RadøyGruppen AS

Vetåsvegen 181 5938

SÆBØVÅGEN